

Bente Kopperdal Hervik

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/6319 - 22/75732

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
03.10.2022

Søknad om bygging av landbruksveg - Gbnr. 110/1 Syslak i Alver kommune - Ber om uttale. (obs! Må ikkje forvekslast med tidlegare innsendt førespurnad om fråsegn)

Vedlagt ligg søknad om bygging av landbruksveg som gjeld for Syslak gnr. 110, bnr. 1 i Alver for uttale hjå dykk.

Vi gjer merksam på at det tidlegare har vore sendt veg til uttale i området. Den gong skreiv vi bnr. 1 i oversendinga, medan det galdt bnr. 6 og 7. Vi fekk attende uttale til rette bruk, men tiltaket no må ikkje forvekslast med dette jf. samtale med Berit Vik i fylkeskommunen.

Saka gjeld:

Godtfred Syslak søker om å byggje landbruksveg i vegklasse 7 traktorveg på eigedomen han eig. Vegen er tenkt å vere 650 m lang og er kalla Stuåsen landbruksveg. Tiltaket vart synfare



28.10. av underteikna saman med søkjar. Under synfaringa kom det fram at det ikkje let seg gjere på ein rekningsvarande måte å byggje vegen siste delen – der det er eit smalt myrparti. Til det er myra for djup og tilkomsten ned til og oppatt frå myra for bratt. Vegen vert difor om lag 100 kortare enn kva som er teikna inn på kartvedlegget til søknaden – sjå fig. 1 til venstre.

Det skal òg sprengjast ein bergnakke og bruke masse derifrå til prosjektet. Området for dette er teikna inn som «massetak» på kartet.

Saka har vorte liggjande ei stund hjå kommunen (p.g.a. ovanfor nemnte feil) og vi torer be om dykkar uttale snarast og innan 24.10.22.

Fig. 1. Vegen vert avslutta om lag der fingeren peikar og altså noko kortare enn kva søknaden tilseier.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 110/1 Syslak

Mottakarar:

Bente Kopperdal Hervik
Statsforvaltaren i Vestland
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863 LEIKANGER
5020 Bergen